



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Stad:	Herøy rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	19.06.2014
Tid:	16:30 – 00:05

Medlemmer som møtte:

Olaug Andreassen	Medlem	AP
Janita Iren Westbø Remøy	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Svein Gjølseth	Medlem	AP
Sofie Mere Arntsen	Medlem	AP
Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Frank Otto Kvalsvik	Medlem	KRF
John Nerem	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V
Arnulf Goksøy	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Nestleder	H
Idar Tarberg	Medlem	H
Fred Hansen	Medlem	H
Richard Klungsøy Gjerde	Medlem	H
Sigurd Voldsund Nygard	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Bjørn Otterlei	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Marthe Vågsholm Sævik	Medlem	H
Stig Arne Helsem Sævik	Medlem	H
Norvald Muren	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Bjarne Kvalsvik	Medlem	FOLK/SP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Linn-Therese Hansen Sævik	MEDL	KRF
Per Kristian Furø	MEDL	AP
Frank Lied	MEDL	H
Dag Kåre Nærø	MEDL	FRP
Thor-Sigmund Garvik	MEDL	FRP
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP
Stian Sævik Elveseter	MEDL	H
Kjerstin M. Lilleøy Nygard	MEDL	H

Varamedlemer som møte:

Egil Kjell Leikanger	Per Kristian Furø	AP
Øystein M. Kleppestrand	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF
Knut Tandberg	Frank Lied	H
Oddmund Voldsund	Stian Sævik Elveseter	H
Signe Sævik Monsen	Kjerstin M. Lilleøy Nygard	H
Knut Johan Voldsund	Dag Kåre Nærø	FRP
Solveig Helen N. Båtsvik	Thor-Sigmund Garvik	FRP
Kåre Haugum	Kaja Runde	FOLK/SP

Andre:

Rådmann Erlend Krumsvik
Sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Leiar utviklingsavdelinga Jarl Martin Møller
Planleggar Berit Sandvik Skeide
Planleggar Ole Magne Rotevatn
Økonomileiar Geir Egil Olsen
Eigedomsleiar Robert Myklebust

Møtet vart annonsert med fullstendig sakliste i Vestlandsnytt og sakliste vart sendt til medlemene og dei fremste varamedlemene i kvar gruppe.

Tilstades 25 faste og 8 vara, 33 representantar, fulltallig.
Ingen hadde merknader til kommunestyret si samansetning.

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vart desse valde:
Stig Arne Sævik og Frank Otto Kvalsvik

Øystein Kleppestrand fekk permisjon frå kl. 19:00 etter gruppemøte i K-sak 70/14.

Spørsmål stilt i møtet:

- Frå Kjell Runde om å stenge ålmenta frå fri ferdsel innanfor 100 meters beltet. Ordføraren svara.
- Hurtigrutesaka. Rådmannen svara.
- Frå Bjarne Kvalsvik om FV 654, funksjonsklasse A. Ordføraren svara.
- Frå Sigurd V. Nygard om M/S Vollert. Rådmannen svara.
- Frå Sigurd V. Nygard om piggrådforbud, plan frå kommunen? Rådmannen svara.

underskrifter

Stig Arne Sævik

Arnulf Goksøyr
ordførar

Frank Otto Kvalsvik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 66/14	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 67/14	Protokoll frå førre møte.
PS 68/14	Delegerte saker
PS 69/14	Referatsaker
PS 70/14	Miljøopprydding i Fosnavåg. Deponering av masser. Val av alternativ
PS 71/14	Kommuneplan 2013-2025 arealdel - 2.gongs offentleg ettersyn
PS 72/14	Godkjenning av årsrekneskapen for 2014
PS 73/14	Disponering av det rekneskapsmessige mindreforbruket i driftsrekneskapen for 2013
PS 74/14	Skatterekneskapen 2013
PS 75/14	Årsrapport 2013.
PS 76/14	Tertialrapport per 01.05.2014.
PS 77/14	Budsjettkontroll 1. tertial 2014
PS 78/14	Finansrapport for 1 tertial 2014
PS 79/14	Godkjenning av låneopptak i Husbanken - Startlån 2014
PS 80/14	Kommunereform
PS 81/14	Endring av felles reglement for dei politiske organa
PS 82/14	Søknad om tilskot til opparbeiding av uteområdet ved nytt hotell
PS 83/14	Omsorgsbustadar med heildøgns pleie- og omsorgsfunksjon - funksjons- og arealanalyse
PS 84/14	Base Einedalen skule - Økonomisk avslutning.
PS 85/14	Løyving av midlar til forsterkning av grunn i parken i Fosnavåg
PS 86/14	Løn i støttekontaktenesta
PS 87/14	Valg av ny varamedlem til Klageutvalet
PS 88/14	Kommunedelplan bustadsosialt arbeid - Val av 2 representantar til arbeidsgruppe for planen
	Delegerte saker frå avdelingane
DS 214/14	Arnfinn Karlsen 53/7 - Løyve til oppføring av uthus på Tonningarden
DS 215/14	Kristi Ulstein 45/26 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus
DS 216/14	Gnr 20 Bnr 9 Frådeling av bustadtomt

- DS 217/14 Svein Nerland - 19/63 - Tilbygg carport
- DS 218/14 Børge Berstad - 33/25 - Altan
- DS 219/14 Sølvi Voldnes - 81/15 - Terrasse
- DS 220/14 Mellombels bruksløyve 24/85
- DS 221/14 Wigny Vike og Kristoffer Berge 31/42 - Endring av løyve - ny plassering av garasje
- DS 222/14 Gnr 25 Bnr 8 Frådeling av tomt med påståande bustadhus
- DS 223/14 Tømrer Prosjekt AS 60/430 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, støttemur, etablering av ny avkøyrsløse og opparbeiding av terreng utomhus
- DS 224/14 Trond Kvalsvik - 8/58 - Vinterhage / Tilbygg
- DS 225/14 Ferdigattest garasje 15/2
- DS 226/14 Skjenkebevilling - søknad om bevilling for eitt bestemt arrangement
- DS 227/14 Rikard Andre Helland-Worren - 16/76 - Garasje
- DS 228/14 Liv Hilde Sande Furesund og Birger Anfinn Furesund 14/27 - Løyve til oppføring av tilbygg einebustad
- DS 229/14 Gnr 28 Bnr 5 Frådeling av tomt med påståande bustadhus
- DS 230/14 HG Hydraulics AS 45/80 - Løyve til fasadeendring og montering av skilt
- DS 231/14 Håvard Alexander Abrahamsen 59/70 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 232/14 Eldor Notøy 16/52 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 233/14 Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 29/329 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med nytt symjebasseng
- DS 234/14 Egersund Herøy AS 22/48 - Rammeløyve for tiltak på eksisterande industribygg
- DS 235/14 Berit Aasen - 37/492 - Tilbygg bod 8m2
- DS 236/14 Silje Berge og Even Fugledal 48/19 - Endring av tidlegare gitt løyve - oppføring av større garasje
- DS 237/14 Trond Kleppe - 79/85 - Fasadeendring
- DS 238/14 Kjøp av bustadtomt 12/310 med adresse Remøy
- DS 239/14 Herøy kommune 34/6 m.fl - Løyve til etablering av VA-anlegg og pumpestasjon på ytre almenningsskai
- DS 240/14 Ferdigattest- 35/14
- DS 241/14 Gnr 29 Bnr 65 Frådeling av 3 bustadtomter.
- DS 242/14 Delegert vedtak - sal av tilleggsarel til gnr. 31 bnr. 72
- DS 243/14 Fosnavåg Vekst AS 34/5 - Ansvarsrett for prosjektering og utførande arbeid med løfteinnretningar innanfor nytt hotell og konsertsal i Fosnavåg sentrum

- DS 244/14 Jørn-Erik Schanche 36/97 - Løyve til oppføring av haugestove til bustadhus
- DS 245/14 Bård Remøy 12/319 - Løyve til oppføring av tomannsbustad
- DS 246/14 Sindre Støylen - 34/197 - Hagemur
- DS 247/14 Halldis og Svein Lillerovde - 40/22 - Endring av ansvarsrettar
- DS 248/14 Per Morten Bjørlykke - 29/344 - Naust
- DS 249/14 ferdigattest - 37/27
- DS 250/14 Gnr 53 Bnr 12 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 47
- DS 251/14 Trond Nærø 34/75 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus - garasje m/terasse og levegg
- DS 252/14 Arve Voldsund - 26/27 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 253/14 Saad Abdul Amir Khalil - 34/50 - Bod 13 m2

Referatsaker

- RS 30/14 Årsrapport frivilligsentralen 2014
- RS 31/14 Signert samarbeidsavtale om eit mer inkluderande arbeidsliv (IA)
- RS 32/14 Årsrekneskap 2013 frå Stiftinga Sunnmøre Museum
- RS 33/14 Statusrapport for spelteknologi april 2014
- RS 34/14 Herøy kyrkjelege fellesråd - Driftsregnskap og investeringsregnskap 2013
- RS 35/14 Herøy kyrkjelege fellesråd - Budsjettkontroll pr. 25.04.14
- RS 36/14 Årsmelding Herøy kyrkjelege fellesråd 2013
- RS 37/14 Førebels rapport etter tilsyn med barnevernstenesta
- RS 38/14 Fråsegn til Widerøe sitt ruteprogram - 2014
- RS 39/14 Spørsmål til kontrollutvalet om Sunnmørsbadet AS
- RS 40/14 Innkalling til generalforsamling Hareid Fastlandsamband AS

PS 66/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Til saklista:

Spørsmål til ordføreren – vert sett på saklista til slutt i møtet.

- Frå Kjell Runde om å stenge ålmenta frå fri ferdsel innanfor 100 meters beltet.
- Hurtigrutesaka.
- Frå Bjarne Kvalsvik om FV 654, funksjonsklasse A.
- Frå Sigurd V. Nygard om M/S Vollert.
- Frå Sigurd V. Nygard om piggtrådforbud, plan frå kommunen?

PS 67/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE.

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 68/14 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 69/14 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

PS 70/14 MILJØOPPRYDDING I FOSNAVÅG. DEPONERING AV MASSER. VAL AV ALTERNATIV

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Leiar utviklingsavdelinga Jarl-Martin Møller og planleggar Berit Sandvik Skeide møtte og orienterte i saka.

Ap og V v/Svein Gjelseth kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre bed om at det vert utgreia fleire alternativ for deponering av dei forureina massene frå Fosnavåg hamn.
2. Før kommunestyret får saka attende skal alle kostnader og finansieringsplan vere utgreia.»

H v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slikt framlegg:

«Det rår stor usikkerheit vedr. mudring, flytting og deponering av massene, og ikkje minst kostnadane ifm. utdjupinga av Fosnavåg hamn.

Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet (gjeld for utdjuping, opprensing og deponering av massene).
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet.
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre alle aktuelle alternativ.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar i nærområdet (til deponering av massene).

Herøy kommunestyre ber om å få den same orienteringa som vart gitt til Herøy formannskap, og i folkemøte den 10.06.14 og få høve til å stille spørsmål direkte til alle involverte faginstansar. Dette for å sikre eit vedtak som er basert på all tilgjengelig kunnskap.»

Det vart halde gruppemøte.

Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slikt felles framlegg frå kommunestyret:

«Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggjarane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.

3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuving, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).»

Felles oversending til administrasjonen:

«Herøy kommunestyre ber om å få den same orienteringa som vart gitt til Herøy formannskap, og i folkemøte den 10.06.14 og få høve til å stille spørsmål direkte til alle involverte faginstansar. Dette for å sikre eit vedtak som er basert på all tilgjengelig kunnskap.»

Framlegget frå Ap og V vart trekt.

Felles framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Før ein tek endeleg stilling til val av deponiløysing og plassering ber ein om at følgjande punkt vert vurdert og lagt fram for kommunestyret:

1. Ivareta best mulig innbyggerane sine interesser.
2. Sikre at den beste miljømessige løysinga vert vald og tidsplan.
3. Utarbeide eit kostnadsoverslag, med finansieringsplan for Herøy kommune sin del i prosjektet.
4. Innleie dialog med andre mulige samarbeidspartnarar, evt. bidragsytarar for finansiering av prosjektet (gjeld for utdjuving, opprensning og deponering av massene).
5. Administrasjonen vert beden om å kartlegge, og kvalitetssikre inntil 4 aktuelle alternativ, som ivaretek ovannemnde punkt.

Mandat:

Herøy kommunestyre gir administrasjonen mandat til å gå i forhandlingar med aktuelle grunneigarar (til deponering av massene).

PS 71/14 KOMMUNEPLAN 2013-2025 AREALDEL - 2.GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Epost av 17.16.2014 frå Fosnavågeren Velforening vart delt ut.

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Egil Leikanger (Ap) kom med framlegg om å utsette saka.
Utsettingsframlegget fall mot 2 røyster.

Reidun Myrvågnes (Ap) kom med slikt framlegg:

«Område AN22 Risneset blir lagt ut som areal for rorbu/fritidsbustad.»

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret ved om at område S1 Fosnavåg vert begrensa til det området som er eigd av eigarane av Sunnmørsfisk. Ref. vedlagt kartskisse datert 19.06.2014.»

Oddmund Voldsund (H) kom med slikt framlegg:

«Ta vekk setningane om leikeplass i føresegnene. Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert gitt, skal nærleikeplassen som bueiningane tilhøyrer vere opparbeidd.»

Sigurd Nygard (H) kom med slikt framlegg:

«Heile Storeneset vert gjort om til Kan-område.»

Punktvis røysting:

Framlegget frå Reidun Myrvågnes vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Svein Gjelseth (Ap) fall mot 13 røyster.

Framlegget frå Oddmund Voldsund vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Sigurd V. Nygard vart vedteke mot 2 røyster.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Arealdel* skal leggast ut til 2.gongs offentleg ettersyn i minst seks veker – med slike endringar:

- Område AN22 Risneset blir lagt ut som areal for rorbu/fritidsbustad.
- Ta vekk setningane om leikeplass i føresegnene. Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert gitt, skal nærleikeplassen som bueiningane tilhøyrer vere opparbeidd.
- Heile Storeneset vert gjort om til Kan-område.

Rådmannen får fullmakt til å gjere dei naudsynte rettingar og justeringar i plankart og tekst før utlegging til offentleg ettersyn.

PS 72/14 GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR 2013

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014:

Herøy kommune sin rekneskap for 2013 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

PS 73/14 DISPONERING AV DET REKNESKAPSMESSIGE MINDREFORBRUKET I DRIFTSREKNESKAPEN FOR 2013

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Økonomileiar Geir Egil Olsen og eignedomsleiar Robert Myklebust møtte i saka.

Folkelista/Sp v/Kjell Runde kom med slikt framlegg:

«Det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2013 på kr. 5.388.861,74 vert brukt slik:

1. Ekstra løyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar kr. 1.000.000,-.
2. Vedlikehald av:
Nerlandsøy skule: kr. 250.000,-
Moltu skule: kr. 250.000,-
Leikanger skule: kr. 250.000,-
3. Resterande beløp kr. 3.638.861,74 til styrking kommunen sitt disposisjonsfond.»

Det vart halde gruppemøte.

Folkelista/SP/Høgre v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy kom med slikt framlegg:

«Det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2013 på kr. 5.388.861,74 vert brukt slik:

1. Ekstra løyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar kr. 1.000.000,-.
2. Styrke vedlikehaldsbudsjettet med kr. 750.000,- med prioritet Nerlandsøy, Moltu og Leikanger skular.

3. Resterande beløp kr. 3.638.861,74 til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Kjell Runde (Folkelista/SP) trekte sitt framlegg.

Punktvis røysting:

Folkelista/SP/Høgre sitt framlegg fekk 20 røyster.

Formannskapet si tilråding fekk 12 røyster.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Det rekneskapsmessige mindreforbruket for 2013 på kr. 5.388.861,74 vert brukt slik:

1. Ekstra løyving til asfaltering/reasfaltering av kommunale vegar kr. 1.000.000,-.
2. Styrke vedlikehaldsbudsjettet med kr. 750.000,- med prioritet Nerlandsøy, Moltu og Leikanger skular.
3. Resterande beløp kr. 3.638.861,74 til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

PS 74/14 SKATTEREKNESKAPEN 2013

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2013 til vitande.

PS 75/14 ÅRSRAPPORT 2013.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Årsrapporten for 2013 vert godkjend.

PS 76/14 TERTIALRAPPORT PER 01.05.2014.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014:

Saka vert tatt til vitande.

PS 77/14 BUDSJETTKONTROLL 1. TERTIAL 2014

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Budsjettkontrollrapporten per 31.04.2014 vert tatt til vitande.

PS 78/14 FINANSRAPPORT FOR 1 TERTIAL 2014

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Finansrapporten per 30.04.2014 blir teken til vitande.

PS 79/14 GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I HUSBANKEN - STARTLÅN 2014

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 5 mill., til vidare utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.

PS 80/14 KOMMUNEREFORM

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

1. Herøy kommunestyre ser det som særst viktig at ein er med i prosessen rundt kva oppgåver kommunane skal ha i framtida.
2. Herøy kommunestyre ber ordføraren om å gå inn i samtalar og sonderingar med kommunane på Søre Sunnmøre, med formål om å søkje etter ein formålstenleg kommunestruktur for kommunane

PS 81/14 ENDRING AV FELLES REGLEMENT FOR DEI POLITISKE ORGANA

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Krf v/ Camilla Storøy Hermansen kom med slikt framlegg:

«2. avsnitt i formannskapet si tilråding vert stroke.
Siste avsnitt i formannskapet si tilråding vert endra slik:
« gyldig grunn og når det ikkje blir meldt forfall, vert vedk. representant kalla inn til samtale med møteleiar.»

Første avsnitt i formannskapet si tilråding vart vedteke mot 8 røyster.
Andre avsnitt i formannskapet si tilråding vart samrøystes stroke.
Krf sitt framlegg til tredje avsnitt vart vedteken mot 8 røyster.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Kommunestyret vedtar å legge til fylgjande setning i punkt 1.9 Forfall – ugildskap – vararepresentantar i felles reglement for dei politiske organa:

Dersom ein representant forlèt møtet utan gyldig grunn, så fell representanten sin rett til møtegodtgjersle bort.

Ved melding om forfall utan gyldig grunn og når det ikkje blir meldt forfall, vert vedk. representant kalla inn til samtale med møteleiar.

PS 82/14 SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPARBEIDING AV UTEOMRÅDET VED NYTT HOTELL

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Henry Jøsokbakke reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg konserthus. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend habil.

Sofie Mere Arntsen reiste sitt habilitetsspørsmål. Ho er gift med prosjektleiar Olav Arntsen i Fosnavåg Vekst AS. Ho gjekk frå under handsaming av habilitet. Sofie Mere Arntsen vart kjend inhabil mot 4 røyster etter KL §40, Fvl § 6, 2. ledd.

H v/Arnulf Goksøyr kom med slikt framlegg:

«Kommunestyret oppfattar oppføring av uteområde ved hotellet til å vere eit mindre tilleggsarbeide til hovedentreprisa som Veidekke utfører i samband med utbygging av hotell, simulatorsenter, konserthus og kino. Lov og forskrift om offentlege anskaffelsar kjem derfor ikkje til anvending:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke inntil kr. 9.333.000,- av kostnaden med uteområdet.
2. Tilskotet vert totalfinansiert ved bruk av låneopptak, på følgjande måte:
 - a. kr. 6.000.000,- av midlane som er avsett i økonomiplanen blir nytta fullt ut.
 - b. kr. 3.333.000,- vert ytterlegare lånefinansiert.
3. Veidekke skal fakturere Herøy kommune direkte for dei kostnadane som ligg til Herøy kommune. Utbetaling til Veidekke skal skje i takt med opparbeiding av uteområdet med inntil kr. 9.333.000,-.»

Punktvis røysting:

Formannskapet si tilråding fall.

H sitt framlegg vart vedteke mot 3 røyster.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014:

Kommunestyret oppfattar oppføring av uteområde ved hotellet til å vere eit mindre tilleggsarbeide til hovedentreprisa som Veidekke utfører i samband med utbygging av hotell, simulatorsenter, konserthus og kino. Lov og forskrift om offentlege anskaffelsar kjem derfor ikkje til anvending:

1. Herøy kommunestyre vedtek å dekke inntil kr. 9.333.000,- av kostnaden med uteområdet.
2. Tilskotet vert totalfinansiert ved bruk av låneopptak, på følgjande måte:
 - a. kr. 6.000.000,- av midlane som er avsett i økonomiplanen blir nytta fullt ut.
 - b. kr. 3.333.000,- vert ytterlegare lånefinansiert.
3. Veidekke skal fakturere Herøy kommune direkte for dei kostnadane som ligg til Herøy kommune. Utbetaling til Veidekke skal skje i takt med opparbeiding av uteområdet med inntil kr. 9.333.000,-.

PS 83/14 OMSORGSBUSTADAR MED HEILDØGNS PLEIE- OG OMSORGSFUNKSJON - FUNKSJONS- OG AREALANALYSE

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Tor-Sindre Steinsvik (H) fremja tilrådinga frå plan- og byggenemnda.

Plan og byggenemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

1. Kommunestyret godkjenner funksjons- og arealanalyse for omsorgsbustadar med heildøgns omsorgsfunksjon slik:
 - a. Prosjektet vert bygd ut på kommunens eigedom ved Herøy omsorgssenter, blå avdeling.
 - b. Prosjektet vert utvida med inntil 16 bueiningar og naudsynt fellesareal.
 - c. Prosjektet vert utvida til også å omfatte base for heimetenesta.
2. Kommunestyret vedtek riving av Sjukeheimsvegen 5 b. Riving skal gjennomførast så snart nye omsorgsbustadar er overteke til ordinær drift og lyt finansierast over det aktuelle års budsjett.
3. Plan- og byggenemnda får i oppdrag å gjennomføre prosjektet etter gjeldande prosedyre.

PS 84/14 BASE EINEDALEN SKULE - ØKONOMISK AVSLUTNING.

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Tor-Sindre Steinsvik (H) fremja tilrådinga frå plan- og byggenemnda.

Plan og byggenemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Økonomisk avslutning for prosjektet blir godkjent med eit mindreforbruk på Kr 77 000,-.

PS 85/14 LØYVING AV MIDLAR TIL FORSTERKNING AV GRUNN I PARKEN I FOSNAVÅG

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

1. Det vert gitt ei løyving på 140.000,- kr. til forsterkning av grunn i parken.
2. Finansiering med bruk av ubundne kapitalfond bustad/sentrumstiltak.

PS 86/14 LØN I STØTTEKONTAKTTENESTA

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Kommunestyret vedtar at løn til støttekontaktar vert likestilt med løna til assistentar utan utdanning, jamfør tariff og at løna vidare automatisk vert korrigert ved endringar i tariffavtalen.

Kommunestyret ber avdelingane om å løyse auken i kostnad innan allereie tildelt budsjettramme i 2014. For 2015 og vidare vert kostnadsauken teken med i budsjettarbeidet.

PS 87/14 VALG AV NY VARAMEDLEM TIL KLAGEUTVALET

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Leiar i valnemnda Henry Jøsokbakke orienterte i saka.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Ny varamedlem i klageutvalet vert vald: Bente Storvik

PS 88/14 KOMMUNEDELPLAN BUSTADSOSIALT ARBEID - VAL AV 2 REPRESENTANTAR TIL ARBEIDSGRUPPE FOR PLANEN

Møtebehandling i kommunestyret 19.06.2014:

Leiar i valnemnda Henry Jøsokbakke orienterte i saka.

Valnemnda si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret 19.06.2014

Representantar til arbeidsgruppe for planarbeidet med kommunedelplan bustadsosialt arbeid, vert valde:

Fred Hansen
Ole Brubakk

MØTET SLUTT KL: 00:05